


# Reglement for Bømlo ungdomsråd



01.06.2023

Kommunedirektøren

## Innholdsliste:

1. Føremål .....	3
2. Samansetnad.....	3
3. Opplæring .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
4. Oppgaver og mynde.....	4
5. Arbeidsform .....	4
6. Innkalling og agenda .....	5
7. Møtebok.....	6
8. Opne møte .....	6
9. Teieplikt.....	6
10. Deltaking i møte for andre enn medlem .....	7
11. Vedtaksdyktig råd .....	7
12. Ugildskap og fritak .....	7
13. Økonomi.....	7
14. Hastemøte.....	7

# 1. Føremål

- Ungdomsrådet i Bømlo kommune heiter Bømlo ungdomsråd, og kan kortast til BUR.
- Føremålet med ungdomsrådet er mellom anna:
  - o fremja ungdommane (13 – 19 år) sine interesser i deira miljø
  - o å styrka og hjelpa barn og unge overfor prosessane for avgjerd i kommunen
  - o å vera høyringsorgan i dei saker som vedkjem dei unge.
- Ungdomsrådet avgjer sjølv kva type saker dei ynskjer å handsama.
- Ungdomsrådet er likestilt folkevalde.
- Ungdomsrådet skal ha eit reglement vedteke av kommunestyret. Lover og forskrifter går alltid føre reglementet. Reglementet er ikkje uttømande. Det kan søkjast ytterlegare avklaring i lovverket.

# 2. Samansetnad

- Bømlo ungdomsråd skal ha minst 12 medlemmar og maks 13 medlemmer (inkl. leiar og nestleiar).
- Kvar ungdomsskule skal minimum ha to representantar og den vidaregåande skulen skal ha minimum fire representantar (med representantar frå både yrkesfag og studiespesialisering). Det kan veljast ein representant for andre vidaregåande skular eller for læringane som er tilsette i bedrifter i Bømlo. Det skal vera oppnemnd varamedlemmar frå alle skulane. Leiar og nestleiar kjem i tillegg til desse.
- I samansetnaden legg ein også vekt på kjønnsfordeling, ulike interesser og ei blanding av medlemmar som har ulik grad av erfaring med ungdomsrådsarbeid.
- Den som flyttar frå kommunen kan ikkje halda fram som medlem i rådet. Varamedlem stiller då som representant fram til neste val. Det er høve til å søkja om fritak frå vervet ved sjukdom eller andre årsaker som gjer at vedkommande ikkje vidare kan ivareta oppgåva som rådsmedlem.
- Varaordførar og eit anna medlem i kommunestyret er politiske fadrar for ungdomsrådet.
- Politikarane har uttale- og forslagsrett i rådet.
- Bømlo kommune har ein ungdomsrådskoordinator som er rådet sin kontaktperson i kommunen, informera om saker som kan vera av interesse, koordinerer opptak til ungdomsrådet, er kontaktperson, ser til at vedtak som vert gjort vert sett ut i livet og koordinerer arbeidet med ungdommar som deltek i ungdomsrådsarbeidet og ressurspersonar knytt til dei ulike områda ungdomsrådet engasjerer seg i.

Representantane har rett på opplæring. Det skal enten skje ved interne eller eksterne kurs.

### 3. Oppgaver og mynde

- Bømlo ungdomsråd er eit rådgjevande organ for kommunen
- Ungdomsrådet kan uttala seg om alle saker som gjeld ungdommar og ungdomsrådet, og skal få førelagt alle aktuelle saker i kommunen som vedkjem rådet. Rådet kan også ta opp saker på eige initiativ.
- Ungdomsrådet skal ikkje handsama saker som gjeld avgjersle overfor enkeltpersonar.
- Kommunestyret skal ha rutinar som sikrar at rådet mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt at uttale frå rådet har moglegheit til å påverke utfallet. Uttale frå ungdomsrådet skal fylgja saksdokumenta til det kommunale organet som avgjer saka endeleg. Dersom det i andre organ vert tatt avgjerd i haste-sak som skulle vore behandla i ungdomsrådet, skal melding om vedtak leggjast fram i det neste ungdomsrådsmøte.
- Kommunestyret kan gje ungdomsrådet mynde til å fordela tildelingar. Dersom ungdomsrådet skal løyva pengar til tiltak skal
  - o Målgruppa for tiltaket vera barn og unge i Bømlo
  - o Tilskotet gjerast kjent med alle skular og annonserast minimum 2 veker før søknadsfrist
  - o Ungdomsrådet kan ikkje løyva midlar til arrangement der det skal serverast alkohol.
- Ungdomsrådet skal kvart år utarbeida årsmelding som skal leggjast fram for kommunestyret.
- Kommunestyret har gitt ungdomsrådet møte- og talerett i folkevalde organ i enkeltsaker.
- Dette vert løyst ved at ungdomsrådet ber om taletid i konkrete saker.

### 4. Arbeidsform

- Bømlo ungdomsråd følgjer skuleåret. Innan 1. oktober blir der gjennomført ei oppstartssamling, der eit breitt utval ungdom blir invitert til å gi innspel til kva ungdomsrådet skal arbeida med, bli kjent med kvarandre og med metodar og verktøy som er relevant for ungdomsrådsarbeidet.
- Som del av ungdomsrådsarbeidet diskuterer ein datakjelder som t.d. ungdata og elevundersøkinga som store delar av ungdommane i Bømlo har svart på, som grunnlag for å diskutera utviklingstrekk og naudsynte tiltak.
- I siste del av oppstartsseminaret veljast leiar og nestleiar.
- Etter oppstartsseminaret blir alle unge med bustadadresse Bømlo kommune, frå 13 -19 år, invitert til å søkja om å vera medlem i ungdomsrådet. Frist for å søkja er medio oktober.
- Søknaden kan vera skriftleg eller video og skal innehalda
  - o Namn, alder og skule
  - o Kva tema ein har lyst til å arbeida med i ungdomsrådet
  - o Interesser
  - o Kvifor ein har lyst til å vera med i ungdomsrådet
  - o E-postadresse og telefonnummer

- Ei gruppe med inntil tre avtroppande medlemmer i ungdomsrådet og ungdomsrådsadministrator set saman ungdomsrådet innan slutten av oktober.
- For kvart tema ungdomsrådet vel å arbeida med blir det laga ei arbeidsgruppe alle ungdom frå 13-19 år som ønskjer det kan bidra i, med definerte ressurspersonar frå kommunen eller andre samarbeidspartnarar. Status for arbeidsgruppene er faste tema i ungdomsrådsmøta og ein kan eventuelt kalla inn medlemmer i arbeidsgruppene for å **XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX**
- Leiar og nestleiar i BUR deltek på Kommunedirektøren sin budsjettpresentasjon.
- I perioden november-juni har Bømlo ungdomsråd minimum 5 møte.
- I siste møte skal ein gjennomføra ei evaluering av ungdomsrådsarbeidet, med vurdering av behov for oppdatering av regelverket.

## 5. Innkalling og agenda

- Ved likt stemmetal har leiar dobbeltstemme. Dette gjeld ikkje ved personval, som skal vera skriftlege.
- Det skal kvart halvår setjast opp møteplan for rådet. Ungdomsrådet avgjer sjølv kva tid og kor møta skal vera, men ein skal samordna møteplan med møteplan for andre politiske råd og utval.
- Leiar set opp sakliste for møta. Møteinnkalling skal sendast ut 7 dagar før møte. Møta skal kunn-gerast på formålstenleg måte, også dersom møta vil bli heilt eller delvis lukka. Sakliste til møta og andre møtedokument som ikkje er unntatt frå offentlegheit, skal vera tilgjengelege for ålmenta.
- Møteinnkalling, møtebøker og dokument som vedkjem Bømlo ungdomsråd skal arkiverast hos Bømlo kommune.
- Leiar i rådet leiar møta. Ved forfall trer nestleiar inn som leiar.
- Rekneskapan til ungdomsrådet skal førast som del av kommunen sitt rekneskap.
- Medlemmane får dekka møtegodtgjersla, til sats som til ei kvar tid er sett av kommuneadministrasjonen.
- Medlemmane får dekka reisekostnader i samband med møte i rådet.
- Møta skal vera opne for publikum, men rådet kan på lik linje med andre politiske utval handsama saker i lukka møte når det er ynskje om dette, og det er høve til det i lovverket.
- Medlem i ungdomsrådet har plikt til å møta med mindre ein har gyldig forfall. Ved forfall skal ein snarast råd meldast frå til kommunen sitt sekretariat. Vararepresentant skal då straks kallast inn. Ein skal også varsle slik at vararepresentant vert kalla inn dersom ein vil be seg fritatt etter punkt 11.
- Leiar er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar som møteleiar.
- Alle medlem kan stilla spørsmål til leiaren, også om saker som ikkje står på saklista. Ei sak skal setjast på lista dersom minst 1/3 av medlemmene krev det.

- Saker på lista kan utsetjast med alminneleg fleirtal. Det kan handsamast saker som ikkje er oppført på lista eller der saksdokumenta ikkje er sendt saman med innkallinga, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemmene motset seg dette.

## 6. Møtebok

- Det skal førast møtebok. Møteboka skal innehalda tid og stad, kven som møtte og kven som var fråverande, kva saker som vart handsama, vedtak/uttale samt avstemmingsresultat. Det skal også opplysast dersom eit medlem er ugild eller får fritak av personlege grunnar og heimels-grunnlag for dette.
- Dersom det vert endringar på kven som deltek undervegs i møtet, skal dette protokollførast tydeleg. Medlem/varamedlem skal ikkje gå frå før ei sak som er teken opp til drøfting er ferdig handsama.
- Medlem kan be om protokollføring.
- Møteboka skal vera tilgjengeleg for ålmenta. Vert delar av møte lukka skal heimel opplysast.
- Møteboka skal underskrivast av møteleiar og to medlemmer.

## 7. Opne møte

- Møta skal som hovudregel vera opne.
- Dersom det skal handsamast saker med opplysingar som krev at møtet vert lukka, skal rådet vedta dette, sjå kommunelova § 11-5. Ein skal då opplysa heimel, samt protokollføra denne i møteboka.
- Debatt om lukka møte skal haldast i lukka møte.
- Avstemming om lukking skal vera open.
- Dersom nokon ber om det og det ikkje verkar forstyrrende på gjennomføringa av møtet, skal møteleiar gi løyve til å gjera opptak av eller overføra lyd eller bilete frå opne møter.
- Opne møter kan haldast som fjernmøte etter vedtak frå kommunestyret.

## 8. Teieplikt

Teieplikta etter Forvaltningslova gjeld også for folkevalde. Dersom det under drøftingar i folkevalde organ kjem fram opplysingar som er underlagt teieplikt, bør møteleiaren gjera merksam på dette

## 9. Deltaking i møte for andre enn medlem

Kommunedirektøren har møterett. Han har talerett, personleg eller ved ein av sine underordna.

Vidare kan leiaren i eit folkevald organ, og organet sjølv, kalla inn personar frå arbeidsgrupper, frå administrasjonen eller politikarar om dei ynskjer det. Desse kan gje opplysningar og utgreiingar, men har elles ikkje høve til å ta del i forhandlingane.

## 10. Vedtaksdyktig råd

Rådet er vedtaksdyktig til å gje uttale når minst halvparten av medlemmene er til stades og avgjer stemme. Vedtak treffast med alminneleg fleirtal om ikkje anna fylgjer av lov. I andre saker enn dei som gjeld val, har leiar dobbeltstemme ved røysteliskap.

## 11. Ugildskap og fritak

Dersom eit rådsmedlem er ugild jf. kommunelova § 11-10 og habilitetsreglane i forvaltningslova, kan vedkommande ikkje vera med å drøfta eller avgjera saka. Eit rådsmedlem kan be om å bli friteken frå handsaminga av ei sak av personlege grunnar jf. kommunelova § 11-11. Rådet avgjer sjølve om det vert gjeve fritak. Ein kan ikkje sjølv delta i drøftinga av spørsmålet om eigen ugildskap eller eige fritak. Om mogleg bør varamedlem vera med i drøftinga.

## 12. Økonomi

Ungdomsrådet har eige budsjett. Ungdomsrådet har rett til å uttale seg før kommunestyret vedtar budsjett for rådet.

## 13. Hastemøte

Leiar kan vedta å handsama ei sak skriftleg eller ved hastefjernmøte dersom det er påkravd å få avgjort ei sak før neste møte, og det anten ikkje er tid til å halda ekstraordinært møte, eller saka ikkje er så viktig at eit ekstraordinært møte er nødvendig. Ved hastefjernmøte kan medlemmene kallast inn til møte med kortare frist enn etter ordinære reglar. Dersom 1/3 av organet sine medlemmene krev det, skal saka utsetjast til det kan haldast ordinært møte.